

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 22.09.17

SAKSHANDSAMAR: Helga Stautland Onarheim

SAKA GJELD: Prosess for organisering og leiing

STYRESAK: 59/17

STYREMØTE: 29.09.17

Administrerande direktør si orientering pkt.7

Regjeringa foreslår å gi lån i statsbudsjettet for 2018 for utbygging av byggetrinn 1 ved Haugesund sjukehus. Utviklingsplan Helse Fonna 2020, som var eit av grunnlaga for prosjekt ByggHaugesund2020, vart endelig vedteke i styret 24.06.13. I etterkant av dette er det gjennomført idèfase - slutført desember 2014, konseptfase - slutført januar 2016 og forprosjektfase som vart styrehandsama 07.03.2017. Det føreligg eigen rapport for gevinstrealisering for Bygg Haugesund 2020. Det er planlagt innflytting i nytt bygg ved årsskifte 2020/2021.

Det har vore gjennomført ei rekke organisasjonsutviklingsprosessar (OU-prosessar) i samband med ByggHaugesund2020. I alle OU-gruppene har det vore brei involvering av medarbeidarar, tillitsvalde, verneombod og brukarrepresentantar. I dette arbeidet har ein hatt hovudfokus på forslag knytt til pasientforløp, driftsmodellar, kompetansebehov, samarbeid på tvers, bruk av teknologi samt organisering og leiing. Det føreligg rapportar frå 15 OU-grupper.

Parallelt med arbeid i OU-grupper knytt til ByggHaugesund2020 vil Helse Fonna etter krav i styringsdokument, hausten 2017 starte arbeidet med ein utviklingsplan for føretaket. Dette arbeidet skal ha grunnlag i Helse 2035, eksisterande Strategi for Helse Fonna, Plan somatikk, Plan for psykisk helsevern, rapportar knytt til prosjekt Odda – og Stord sjukehus som følgje av Nasjonal helse- og sjukehusplan og beskjeden frå statsråden i oppdragsdokumentet i juni. Utviklingsplanen skal vere vedteken innan utgangen av juni 2018.

Begge desse prosjekta vil kunne gje behov for endring av strukturen for organisering og leiing i føretaket for å nå måla.

Skisse til prosess knytt til endring av organisasjonsstruktur

Prosess knytt til organisering og leing vil skje parallelt med arbeid i OU-grupper bygg og arbeid med utviklingsplan. Utviklingsplanen skal slik vere med å gje premisser i arbeidet med ny organisasjonsstruktur. Prosess knytt til endring av organisasjonsstruktur vil involvere heile føretaket.

Modell for organisering og leing er planlagd drøfta og vedteken etter at utviklingsplanen er vedteken av styret juni 2018. Prosess knytt til endring av organisasjonsstruktur er planlagd starta opp haust 2018.

I arbeidet med utforming av ny organisasjonsstruktur vil følgjande føresetnader liggje til grunn for val av organisasjonsmodell/-struktur:

- God kvalitet og pasienttryggleik
- Pasientbehandling for dei som treng spesialisthelsetenester
- Heilskapleg tilnærming til pasientforløpet (organisere tenestene rundt pasienten)
- Organisere for betre logistikk og pasientflyt
- Organisere for hensiktsmessig oppgåvedeling og effektiv ressursbruk
- Organisere for eigenmestring og deltaking (pasienten skal gå lengst mogleg på egne bein)
- Organisere for samarbeid mellom sjukehusa
- Organisere for samhandling med fyrstelinjetenesta/kommunane
- Talet på leiarnivå i føretaket skal ikkje auke
- Einingane skal vere robust og funksjonelle
- Hensiktsmessig leiarspenn
- Felles/gjennomgåande stillingnemningar i føretaket
- Legge til rette for godt arbeidsmiljø
- Ny modell skal synleggjere føretaket som eitt verksemdsområde

Den siste tida før nytt bygg står klart er det planlagd drift i eksisterande organisasjon samstundes som nye leiarar tek over ansvaret for dei nyetablerte einingane før nybygg står endeleg klart. Dette for å sikre at blant anna systemmessige, organisasjonsmessige og tekniske forhold er på plass før nybygg vert teken i bruk.

Overordna trinn i prosessen:

1. Utarbeide, drøfte og vedta ny organisasjonsmodell/-struktur.
2. Detaljplanlegge endringsprosess knytt til ny organisasjonsstruktur – utarbeide endringsdokument inkludert framdriftsplan og kommunikasjonsplan. Ein vil følgje retningslinjer for endringsprosessar i føretaket gjennom endringsarbeidet
3. Prosess knytt til å få leiarar på plass i ny organisasjonsstruktur –alle nivå
4. Prosess knytt til å få medarbeidarar på plass i aktuelle einingar

Forankring i organisasjonen

Føretaket vil involvere leiarar, tillitsvalde, verneombod og brukarrepresentantar i prosessen med å utarbeide ny organisasjonsmodell/-struktur. Det vil bli gjennomført ei samling for alle leiarar nivå 1-3, tillitsvalde, verneombod og brukarrepresentantar den 20.10.17. Føremålet med samlinga er å gi og få innspel til vidare prosessar knytt til organisasjonsutvikling og starte arbeidet knytt til endra organisering.

Føretaket vil i endringsprosessen følgje «Retningslinjer for endringsprosessar» i Helse Fonna. Retningslinjene skal sikre involvering og medverknad i samsvar med arbeidsmiljølova § 8-2 samt hovudavtalen § 31. Vidare §§ 6-2 og 7-2 som gjeld involvering av verneombod og behandling i AMU.

Føresetnader for gjennomføring av prosess med etablering av ny organisasjonsstruktur:

- Ryddig og open prosess i dialog med tillitsvalde, verneombod og medarbeidarar
- God kommunikasjon og informasjonsflyt
- Endringsprosessen er godt planlagt og tydelig avgrensa i høve tidsaspekt, for slik å sikre ein føreseieleg prosess
- Fokus på å oppretthalde eit godt arbeidsmiljø
- Søkje frivillige løysingar for endring

Forslag til aktivitetar og tidsplan i arbeidet knytt til endringsprosessen

Prosess knytt til organisering og leiing er planlagt starta opp haust 2018. Under følgjer meir detaljert informasjon om aktivitetar i prosessen knytt til etablering av ny organisasjon.

- Etablere overordna organisasjonskart/-struktur – definere leiarnivå
- Definere gjennomgåande stillingsnemningar for dei ulike leiarnivåa og nemningar for stillingar i stab-/støttefunksjonar
- Ha oppdatert/ajourførte personaloversikter for stillingsfunksjonar og einingar
- Ha kartlagt naturleg avgang og vikarar i føretaket
- **Leiarar:** Kartlegge tal leiarar på dei ulike nivå i eksisterande og ny organisasjon. Definere innhald/arbeidsoppgåver og kompetansekrav til kvar leiarstilling på dei ulike nivåa i ny organisasjon.
- **Støttefunksjonar:** kartlegge tal støttefunksjonar på dei ulike nivå i eksisterande og ny organisasjon. Definere innhald/arbeidsoppgåver og kompetansekrav til dei ulike støttefunksjonane på dei ulike nivåa i ny organisasjon.
- **Einingar:** kartlegge tal medarbeidarar i alle einingar i eksisterande organisasjon. Definere innhald/arbeidsoppgåver og kompetansekrav til dei ulike stillingskategoriane i alle einingar i ny organisasjon
- Utarbeide endringsdokument inkludert framdriftsplan og kommunikasjonsplan
 - Definere tydelige utvalskretsar for dei ulike stillingar/funksjonar på dei ulike trinna
 - Definere utvalskriterier

Administrerande direktør tilrår at det i stillingar som vert ledige innan pleie og merkantilt fagområde i klinikkane, skal tilsetjast i fast stilling i bemanningssenteret. Administrerande direktør tilrår at dette vil gjelde frå om med 01.05.2018.

Forslag til trinn i prosessen:

0. Overordna organisering – organisasjonskart/-struktur (klar juni 2018)
1. Detaljplanlegge endringsprosess knytt til ny organisasjonsstruktur – utarbeide endringsdokument inkludert framdriftsplan og kommunikasjonsplan
2. Innplassere/tilsette leiarar på nivå 2 (klar haust 2018)
3. Innplassere/tilsette leiarar på nivå 3 (klar des. 2018)
4. Innplassere/tilsette leiarar på nivå 4 (klar vår 2019)
5. Innplassere/tilsette støttefunksjonar på alle nivå i ny organisasjon (vår 2019)
6. Innplassering andre einingar (haust 2019)
7. Prosess/nedbemanning laboratoriet

Overordna tidsplan

Aktivitet	Målgruppe	Dato
Utviklingsplanen vedteken	Alle leiarar og medarbeidarar	Juni 2018
Ny organisasjonsmodell/-struktur vedteken	Alle leiarar og medarbeidarar	August 2018
Drøftingsmøte 1 – oppstart endringsprosess	Føretakstillitsvalde/ føretakshovudverneombod	August 2018
Sak AMU	AMU	September 2018
Styresak	Styret i Helse Fonna HF	September 2018
Utending av endringsdokument	Føretakstillitsvalde/ føretakshovudverneombod	September 2018
Drøftingsmøte 2/endringsdokument	Føretakstillitsvalde/føretakshovud- verneombod	September/ oktober 2018
Oppretting av endringsgruppe	Klinikkdirektørar/leiarar, FTV, FHVO	Oktober 2018
Leiarar på plass i ny organisasjonsstruktur - alle nivå	Leiarar nivå 2, 3 og 4	Mai 2019
Medarbeidarar på plass i ny organisasjonsstruktur	Medarbeidarar i alle klinikkar/einingar	Oktober/ november 2019

Planen for organisering og framdrift er drøfta med tillitsvalde 12.09.2017 og handsama i arbeidsmiljøutvalet 13.09.2017.

Frå drøftinga:

Prosessens må sikre brei involvering av medarbeidarar, tillitsvalde og verneombod , inkludert alle lokasjonar i føretaket.

Vedtak i AMU:

AMU tar saka til orientering, med følgjande kommentarar:

- Prosessen er viktig og spennande
- Bruk av bemanningssenteret på nye måtar må takast opp til vidare diskusjon
- AMU føreset gode prosessar i forhold til oppgåver og bemanning
- AMU er glad for at ein gjer greie for prosessen knytt til framtidig organisering tidleg i arbeidet, då dette kan lette omstillingsprosessen i forbindelse med endring